



ULEFOSS ROTARY KLUBB

## REFERAT FRA KLUBBMØTE

Dato	År	Referent
14. september	2017	Liv Sonja Flolid

Desse møtte: Ola, Irene, Harald og dotter Camilla, Knut, Olav Gaute og Gunilla, Per S, Asbjørn, Per H, Bjørn Eirik, Ragnar, Liv Sonja, Anders og Margareth, Kolbjørn, Odd, Nils og Berit, Einar og Eva med utvekslingsstudenten Sara Sofia, Egil og Olav Å.


Kveldens hovudgjest og foredragshaldar var **Gunnar Kvalheim, f. 1946, spesialist i onkologi, professor MD PhD, overlege og forskar.**

**Dagen i dag, 14. september:** Verdas turismedag, vert markert av FN-organisasjonen World Tourism Organization.

- 1954 Mao Zedong valgt til president i Folkerepublikken Kina
- 1949 Songar og komponist Jahn Teigen vart fødd
- Christiania vart grunnlagt av Christian IV

**Bjørn (3-minutter)** fortalte om eit jobboppdrag der han overvar ein operasjon av «røykebein». Han og kirurgen gjekk ut for å ta seg ein blås etterpå.....

**Einar refererte i full fart frå Tyskland og oppfordra til å kjøpe andelodd!**



**Så var det Gunnar Kvalheim sin tur:** Han foredrog om immunterapi, som vil bli den viktigaste forma for kreftbehandling i framtida. Norske forskarar er heilt i front internasjonalt på dette feltet, og han er ein av dei leidande! Dei lagar "drepeceller", som betyr at ein brukar kroppen sine egne [T-celler](#), ein type immunforsvarsceller, til å angripe kreftcellene i kroppen. Desse T-cellene vert henta ut frå den enkelte pasient, dyrka fram i laboratorium, og så skreddarsydde til å angripe pasientens individuelle krefttype. Foreløpig er dette svært dyrt og

**Et aktuelt og spennende foredrag, holdt av en fremragende – og hyggelig – fagmann, som i tillegg viste stor pedagogisk evne**

krevjande, men det vert gjort framsteg heile tida!

Eit vanvittig spennande felt å høyre om – dette angår jo oss alle! Vil du lese meir om Gunnar Kvalheim og hans medforskarar sitt flotte arbeid, så anbefaler eg å gå på nettet! Der ligg masse artiklar og reportasjar om arbeidet. Det vart for vanskeleg for ein skarve pedagog å få tak i alle detaljane i det Kvalheim fortalte oss, dermed stoppar referatet her.

Irene vant vinen og Per S fekk napp!

Sjå artikkel frå 2015 i Teknisk ukeblad [her](#)!



Ulefoss-damer vekker alltid åtgaum ...